



Tysseland Arkitektur AS  
Strandgaten 19  
5013 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/1741 - 18/25082

Saksbehandlar:  
Tore Johan Erstad  
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:  
29.11.2018

## Godkjenning - GBNR 22/190, Mjåtveitmarka - Igangsettingsløyve og løyve til tilkopling - Hus B - Delfelt B5

**Administrativt vedtak. Saknr: 327/2018**

**Tiltakshavar:** Mjåtveitmarka B16 AS  
**Ansvarleg søkjar:** Tysseland Arkitektur AS  
**Søknadstype:** Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan - og bygningslova (pbl.) § 20 - 1 , jf. § 21 - 2, 5. ledd

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak:

Tysseland Arkitektur AS, har på vegne av tiltakshavar, Mjåtveitmarka B16 AS, søkt om igangsettingsløyve (IG) for heile tiltaket ved oppføring av hus 08 med sju bueiningar i felt B24 i Mjåtveitmarka, gbnr 22/166, 173.

Det er også søkt om løyve til tilkopling til kommunalt VA-anlegg for Hus B.

Rammeløyve blei gitt administrativt i vedtak datert 19.09.2018, DS 234/2018.

### VURDERING:

#### Nabovarsling:

Tiltaket vart nabovarsla i samband med søknad om rammeløyve, jf. pbl § 21-3. Søknad om igangsettingsløyve inneheld ikkje endringar som gjer det nødvendig med ytterlegare varsling.

#### Lov - og plangrunnlag

Tiltaket er i samsvar med plangrunnlaget. Det blir vist til rammeløyvet for nærare opplysningar om dette.

Rammeløyvet er gitt på vilkår for igangsettingsløyve om at det er gitt IG for samla opparbeiding av utomhusareal (utomhusplan) og godkjent søknad om tilkopling til kommunalt VA-anlegg.

Løyve til igangsetting av arbeid omfatta av utomhusplan blei gitt gjennom vedtak datert 23.11.2018, DS 316/2018.

Det er søkt om løyve til tilkopling til kommunalt VA-anlegg i søknad journalført 23.11.2018. Meland kommune godkjenner at Hus B i felt B5 i Mjåtveitmarka, gbnr 22/190 BLIR tilkopla kommunalt VA-anlegg, jf. pbl §§ 27-1 og 27-2 i samsvar med søknad med vedlegg frå TysseLand Arkitektur AS.

På bakgrunn av dette finn administrasjonen at vilkåra i rammeløyvet er oppfylt.

#### Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og sist oppdaterte gjennomføringsplan datert 22.11.2018. Ansvarlege i byggesaker innestår for at tiltaket blir utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lov, jf pbl § 23 - 1.

#### **VEDTAK:**

«Meland kommune gir i medhald av pbl §§ 20-1 og 21-4 fjerde ledd igangsettingsløyve for heile tiltaket – oppføring av Hus B med ti bueiningar i felt B5 i Mjåtveitmarka, gbnr 22/190, i samsvar med søknad med vedlegg journalført 31.10.2018, supplert sist 23.11.2018.

Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av pbl, så framt det ikkje er gitt unntak. Vilkår for bruksløyve gitt i rammeløyvet gjeld for tiltaket.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendt innsendte erklæringar, jf. pbl § 23-3.

Dei opplysningane om byggjetiltak og tiltakshavar som går fram av søknaden blir registrert i matrikkelen, jf. matrikkellova.

Igangsettingsløyve fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år, eller dersom tiltaket blir innstilt i lengre enn to år, jf. pbl § 21-9.

#### Tilknytning VA-anlegg:

Meland kommune godkjenner at Hus B med ti bueiningar på eigedomen gbnr 22/190 blir tilknytt kommunalt VA-anlegg i samsvar med søknad journalført 23.11.2018 på følgjande vilkår:

- Tilknyttinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.
- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje «Standard abonnementsvilkår for vatn og avløp» - jf kommuneforlaget.
- Tilkoplinga skal skje i kum. Melding om dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilkoplinga er utført.
- Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. Per 01.01.2018 er tilknytingsgebyret for vatn kr 20 000,- + mva og for avlaup kr 20 000,- per bueining.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar, jf pbl § 23 - 3.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om vass- og kloakkavgifter og plan- og bygningslova.»

\*\*\*\*\*

### Gebyr

Gebyr for saksbehandlinga blir ettersendt tiltakshavar.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i forvaltningslova (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad  
Juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Mjåtveitelvens Forening	Rosslandsvegen 336	5918	FREKHAUG
-------------------------	-----------------------	------	----------

### **Mottakere:**

Tysseland Arkitektur AS	Strandgaten 19	5013	BERGEN
-------------------------	----------------	------	--------